



William Hut i Dønhaugkjedlaren i 2007. I jula kjem han att - på låven. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Festidalen vil arrangera konsert med William Hut på Dønhauglåven i jula men formannskapet har sagt nei til at det ambulerande skjenkeløyvet vert nytta. Huglen må difor eventuelt nytta sitt skjenkeløyve.

Kommunen viser til paragraf 4 i alkohollova der det heiter at fleire skjenkeløyver til same lokale berre kan gjevast til ein bevillingshavar.

Kommunen har gjeve Huglen melding om dette men det har han klaga på. Under siste møte i formannskapet sa politikarane nei til klaga.

Rådmannen skreiv om saka at kommunen har fleire skjenkestader av same kategori som Dønhaug og spørsmålet har vore reist tidlegare med same konklusjon. Har ein skjenkestad bestemt seg for å ha permanent skjenkeløyve, kan ein ikkje sei frå seg dette når det passar. Same skjenkestad vil då drive med ulike konsept. Dette meiner rådmannen vil vera ei omgåing av lova.

Huglen meiner på si side at avslaget byggjer på feil tolking av lova. Ein jurist hos Fylkesmannen har etter Huglen si meining gjeve han medhald i ein telefonsamtale. Etter kva uskedalen.no høyrer vil Huglen truleg gå vidare med denne klagesaka til Fylkesmannen.

Av Ola Matti Mathisen